

From: Roald Solheim <roaldsolheim86@gmail.com>
Sent: 6. september 2017 11:19
To: Bjørkhaug Eirik; Julian Renkel; Karl Vidar Førde; Sigmund Midthjell; terje.forde; Petter Refsnes; Harald Ole Ekremsaeter
Subject: Protest mot fornya konsesjon no

Follow Up Flag: Følg opp
Flag Status: Flagged

Førde Grunneigarlag (FGL)

c/o leiar Sigmund Midthjell

6737 Ålfoten 01.09.2017

Norges vassdrag og energidirektorat

Seksjossjef Carsten Stig Jensen

Sakshandsamar Erik Bjørkhaug

Postboks 5091

Majorstuen

0301 Oslo

«Høring av søknad om fornyelse av reguleringskonsesjoner for Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane fylke».

Dykkar dato 06.06.2017. Dykkar ref.: 201 502 307-5. Arkiv 312/086.2Z. Sakshandsamar Eirik Bjørkhaug. 229 593 366 / eibj@nve.no

Søknaden gjeld vassrettar som i stor grad ligg på garden vår 117 Førde i Ålfoten (Bremanger kommune) sin grunn. Tidlegare konsesjonar er gjevne på særlege vilkår. Det er sjølv sagt av interesse for NVE å vite litt om korleis søkaren, for tida SFE, har halde og held dei gjeldande konsesjonsvilkåra.

Økonomisk støtte Førdevassdraget

Eitt av konsesjonsvilkåra var/er at søkaren skulle vere plikta til å setje ut yngel i Førdevassdraget i Ålfoten for å sikre at fisken og fisket i vassdraget ikkje vart skada. Dette arbeidet vart utført fram til ca. 1980. Då konkluderte forskarar med at utsetjing av ekstern yngel har lite for seg. Yngelutsetjinga vart stoppa av søkaren.

Som eit resultat av uhell etter reguleringane har gyteplassane i elva ved fleire høve blitt rasserte av flaum. FGL spurde om søkaren kunne lage hølar og betre gyteplassane i elva. Søkaren leigde inn ein dyr konsulent som konkluderte med at bygging av hølar og tersklar i elva ville ha lite for seg (Er SFE ein god kunde av den same konsulenten?). I sum er det slik at søkaren har brukt betydelege midlar på eksterne konsulent-tenester i samband med elva, men sidan 1980 har søkaren ikkje ytt midlar til fysiske tiltak i samband med vassdraget - slik konsesjonsvilkåra uttrykkeleg gav påbod om. FGL har bede om at det vert gjeve pengevederlag som tilsvarar dei utgiftene søkaren har spart ved å sløyfe pålagde fysiske tiltak. Til no har ingen ting skjedd, og FGL protesterer bestemt mot at fornya konsesjon vert gjeven før intensjonane i eksisterande konsesjonar er oppfølge.

Manglande rydding

Eit anna døme er korleis søkaren ryddar opp etter seg. Søkaren har bygt kraftlinjer på garden Førde sin grunn. I konsesjonsvilkåra og skjønnsføresetnadene heiter det at konsesjonæren har rett til å hogge vegetasjon som kjem nærare kraftlinene enn 4 meter. Grunneigarane eig grunnen i traseane og har m.a. rett til å nytte traseane til juletreproduksjon. Søkaren set likevel inn flatehogst i traseane, og kappar ned all vegetasjon uansett høgde - utan vederlag til grunneigaren. Den nedkappa vegetasjonen let søkaren berre ligge og rotne i traseane, trass i at dei nedkappa trea sjølv sagt er SFE sin eigedom og som slik skal fjernast av SFE. Fenomenet er mange gonger påpeika både skriftleg og munnleg overfor søkaren, men om svar i det heile kjem, er svara uklære og merkelege. Søkaren fjernar ikkje den nedkappa vegetasjonen. Han blir berre liggande i traseane. Søkaren har heller ikkje erstatta juletrefeltet som han urett har kappa ned og berre late ligge. FGL protesterer kraftig mot dette, og krev at søkaren ordnar opp i tidlegare konsesjonsplikter før konsesjonar vert fornya. Representantar for NVE og SFE må komme til Ålfoten for synfaring i dei tilgrisa traseane saman med grunneigarane. Eg kan gjerne stille på som omvisar.

Manglande justering av frikraftttimar

Ulike gardar i Bremanger kommune og i andre kommuner, har fått tildelt såkalla «frikraft» som del-vederlag for vassrettar.

Denne frikrafta vart ofte gitt med urimeleg låge årstimetal. Søkaren har oppjustert årstimetalet til dei fleste gardane med frikraft i Bremanger kommune, men ikkje til garden Førde, der ein vesentleg del av krafta blir til. FGL har ved fleire høve teke saka opp med søkaren, og søkaren har ved fleire høve lova å ordne opp i saka. Men saka har til denne tid likevel ikkje blitt ordna.

Merkeleg organisering

FGL er også spørjande til korleis søkaren (SFE) er organisert. Vi har eit inntrykk av at det er alt for lett for tilsette å skubbe ei sak frå seg og seie som så at «dette er ikkje mitt bord» - utan å sende saka vidare til rette vedkommande. Ansvarsfråskriving er ein uting.

Ønske om kontaktperson

Det er fleire gardar som har ytt vassrettar til SFE. Frå tid til anna dukkar det opp spørsmål frå grunneigarhald om emne som vedkjem SFE. Slike spørsmål kokar ofte «bort i kålen» og «renn ut i sanden». Grunneigarane lyt vente lenge på svar, og om svar endeleg kjem, er det jamt av typen «god dag mann – økseskaft». FGL har ved fleire høve bede SFE om at ein skrivefør og oppegåande tilsett i selskapet til kvar tid har hovudansvar og særleg oppgåve som grunneigarkontakt. Grunneigarane må til kvar tid haldast orienterte om kven denne personen er, og om postadresse, e-post og telefon. Dette er eit av dei spørsmåla SFE ikkje «gadd» å svare på. FGL set lite pris på slik arroganse av tilsette i eit halvoffentleg selskap som SFE. Vi vil be om skikkelege svar innan lovpålagde, rimelege fristar.

Protest mot konsesjon

FGL protesterer sterkt mot at ny konsesjon blir gitt før SFE har oppfylt vilkåra i tidlegare gjevne konsesjonar.

Med helsing

Førde Grunneigarlag

Roald Solheim e.flm.

(skrivar)

6737 Ålfoten